

## ARBEIDS- OG ORGANISASJONSPLAN MØRE OG ROMSDAL SV 2023-2025

Arbeids- og organisasjonsplanen er ein langsiktig strategi som slår fast dei overordna organisatoriske måla for fylkeslaget. Det skal også vere ein operativ plan med viktige milepålar. Det politiske og organisatoriske arbeidet heng nøye i hop, der det å byggje ein sterkare organisasjon bidreg til at vi når våre politiske mål.

Årsmøtet vedtek og reviderer planen kvart år. Fylkesstyret evaluerer planen gjennom si årsmelding. Planen gjeld for heile fylkeslaget og er innbyrdes forpliktande mellom fylkesstyret, folkevalde, lokallaga og andre organ.

Arbeids- og organisasjonsplanen til Møre og Romsdal SV byggjer på gjeldande arbeidsplan for SV nasjonalt, vedtatt av landsstyret 15.01.22. Den oppsummerer at SV skal vere eit utadvendt, inkluderande, lyttande og mangfaldig parti som inviterer folk med på laget for å byggje eit samfunn for dei mange, ikkje for dei få.

### Dei nasjonale hovudmåla for kva og kvar SV skal vere i 2025:

- Partiet skal jobbe meir utadretta
- Ein meir aktiv medlemsmasse
- Godt skulerte tillitvalde og kandidatar
- SV sine folkevalde har god oppfølging
- Partiet er tilgjengeleg og lett å identifisere seg med
- Sterke fylkeslag
- Bruke heile rørsla
- Eit inkluderande folkeparti
- Ein sterkare kampanjeorganisasjon

### Politisk utgangspunkt

Fylket vårt har lågare utdanningsnivå enn landssnittet, låg folketalsvekst og låg kvinneandel. Samstundes er det store variasjonar mellom kommunar. Dei tre større byane vil ha andre utfordringar enn dei mellomstore og minste kommunane, og politiske saker vil slå ulikt ut i ulike deler av fylket. Kommunesamanslåingar har endra demografien fleire stader.

Møre og Romsdal SV er i posisjon i fylkestinget. Vi fekk i 2021 Birgit Oline Kjerstad inn på Stortinget og vi fekk i 2019 vår første SV-ordførar i fylket med Yvonne Wold i Rauma. Vi er

med i fleirtalet i Ålesund, og i Molde og Rauma har vi store kommunestyregrupper. Elles er våre folkevalde stort sett i små grupper eller åleine i sine kommunar.

Regjeringsskiftet i 2021 og SV sin vippeposisjon i Stortinget, samt at vi har ein stortingsrepresentant frå vårt fylke, gir oss større politisk handlingsrom og større moglegheit til å setje dagsorden no framover enn på lenge.

## Politisk vinkling og strategi

Kampen for å løyse klima- og naturkrisa og kampen for rettferdig fordeling gjennomsvyrer politikken vår. Vi vil vidareutvikle og synleggjere vår politikk i lys av dei utfordringane vi ser i Møre og Romsdal. Vi skal vere ei samlande og folkeleg kraft på venstresida som famnar om både arbeidarrørsla, miljørørsla, feminismen, antirasismen, fredsarbeid og internasjonal solidaritet.

Arbeidet for eit rettferdig grønt skifte er særleg relevant i vårt fylke, der politikkområde som industri og næring, samferdsle, distrikt og landbruk gjer seg gjeldande over store deler av fylket. Omstilling til eit rettferdig grønt skifte der vi skal kutte utslepp, byggje nye industrisatsingar og dele rettvisst slik at omstillinga blir på folkets premisser, er også noko stortingsrepresentant Birgit Oline Kjerstad profilerer i energi- og miljøkomiteen på Stortinget.

Både i fylkes- og lokalpolitikken skal SV vere tydelege og utolmodige for å skape forandring. Vi skal vere konstruktive og pålitelege i samarbeid med andre parti. Vi skal søkje makt og ta ansvar for å oppnå gjennomslag for vår politikk.

## Strategiske politiske val

- 1. Samordne det politiske arbeidet mellom fylkeslaget, fylkestingsgruppa, folkevalde i kommunane og stortingsrepresentanten godt**
  - a. Sørge for gode kanalar for utveksling av arbeid, idear og erfaringar. Invitere til samarbeid på tvers
  - b. Faste møtepunkt mellom stortingsrepresentanten og fylkeslaget
  - c. Vidareutvikle nyhendebrev til lokallaga/lokale folkevalde med info om kva vi oppnår frå fylkeslaget/fylkestingsgruppa og på Stortinget
- 2. Byggje alliansar med fagrørsla og miljørørsla i fylket, samt andre interesseorganisasjonar vi deler syn med**
  - a. Invitere våre alliansepartnarar oftare til dialog og felles front, anten det gjeld uttalar, deltaking på kvarandre sine møter og arrangement eller i dagleg politisk arbeid
  - b. Invitere alliansepartnarar til innspelsrunder i nye lokale- og fylkesprogram.
  - c. Delta i nye fora der SV tradisjonelt har vore mindre synlege/aktive for å auke truverdet vårt på nye felt
- 3. Profilere det politiske arbeidet på fylkesnivå og i kommunane meir systematisk**
  - a. Vere meir synlege i media med våre gjennomslag og prioriteringar. Få fram forskjellar og likskapar til andre parti. Politiske parti får størst synlegheit gjennom dei

tradisjonelle media og vi bør få eit innlegg i lokale eller regionale media ved kvart fylkesutvalsmøte, ev også ved andre møter (fylkestinget eller andre utval.

- b. Sørge for at Birgit Oline Kjerstad sitt arbeid på Stortinget syner att i heile fylket
- c. Bli meir profesjonelle på sosiale media og auke synlegheita der. Dele stoff frå alle lokallag og frå fylkestinget systematisk på våre SoMe-plattformer

#### **4. Jobbe langsiktig med å byggje opp politiske profilar på alle nivå**

- a. Tidleg og langsiktig oppbygging av nye kandidatar og folkevalde til valet 23
- b. Tilby folkevalde kurs og opplæring jamnleg for påfyll og motivasjon
- c. Jobbe aktivt for mangfald blant våre politiske profilar
- d. Motivere nye medlemmar til å ta på seg verv

## Organisatorisk strategi

### Organisatorisk utgangspunkt, styrker og svakheiter

#### *Status medlemstal, lokallag og folkevalde 2023*

*Vi har 667 medlemmar pr 31.12.22. Dette er ein nedgang på 25 samanlikna med 31.12.20. Høgste registrerte medlemstal dei siste fem åra var 745 pr 31.12.21.*

*Vi har 21 registrerte lokallag, der 18 er aktive og tre er passive. Vårt nyaste lokallag, Haram SV, vart stifta i november 2022. I ni kommunar i fylket er det ikkje folkevalde frå SV.*

*Lokallaga med flest medlemmar er: Molde (139), Ålesund (91), Sunndal (55), Volda (53), Ørsta (49) og Rauma (44).*

*Vi har totalt 41 folkevalde:*

*38 folkevalde fordelt på 17 kommunar / 3 representantar på fylkestinget / 1 ordførar*

Møre og Romsdal SV hadde I perioden 2018-2021 ein bra medlemsauke, før vi I 2022 fekk ein mindre nedgang. Men organisasjonen framstår som litt fragmentert, der vi ikkje alltid dreg nytte av kvarandre eller får brukt ressursane våre best mogleg. Vi må jobbe systematisk for å byggje ein slagkraftig og aktiv organisasjon der det er lett å bli aktiv og gjevande å ta på seg verv.

Vi har ingen direkte frikjøpte politikarar, og våre folkevalde og tillitsvalde har ofte fleire verv som gir lite tid til organisasjonsbygging. Etter god dialog med partikontoret og fylkestingsgruppa, har vi frå 1.8.2022 fylkessekretær i 50 % stilling (fram til oktober 2023 mellombels auka til 70%). Det var eit stort behov for auka ressursar til å følgje opp lokallag og fylkestingsgruppa.

Fylkesstyret kan bli betre på intern arbeidsfordeling, og må prioritere organisasjonsbygging for å aktivere fleire medlemmar og få til ei betre koordinering av aktivitetar rundt om i heile fylket. Vi kan jobbe meir strategisk med skulering for å byggje lokale profilar, sikre nyrekruttering til verv og gi fleire moglegheiter til å engasjere seg. Det blir viktig å bruke fylkessekretærressursen på ein strategisk måte for å oppnå dette.

## Overordna organisatoriske mål

Fram mot vala i 2023 og 2025 vil vi **utvikle ein sterkare organisasjon** med fleire aktive medlemmar, fleire lokallag og fleire lister. Valkampane, inkludert opptrappinga til desse, blir viktige organisatoriske byggjeperioder.

Vi skal **jobbe meir utadretta og inkludere fleire**. Det skal vere lett å finne ulike aktivitetar og arrangement for alle medlemmar, og vi skal ha tettare kontakt med innbyggjarar og organisasjonar, fagmiljø og næringsliv for å utvikle og få innspel til vår politikk. Vi skal få eit større mangfald blant våre tillitsvalde og folkvevalde, og det skal vere gjevande og sosialt å vere engasjert i SV.

Vi skal **utruste og skulere våre tillitsvalde og folkevalde** slik at dei er trygge i verva sine, er stødige på vår politikk, får bidra i politikktutviklinga og beheld engasjementet i partiet over tid. Vi skal jobbe for at fleire får erfaring med verv og oppgåver for SV både lokalt og på fylkesnivå, og at fleire i Møre og Romsdal SV får erfaring med verv nasjonalt.

## Medlemmar, rekruttering og bygging av lokallaga

Per 31.12.22 har vi 667 medlemmar. Vi har hatt betydeleg vekst i åra fram mot 2022, samstundes som det er nokre lokallag som opplever stagnasjon eller nedgang. Det er også ei utfordring å halde på medlemmar over tid.

Vi skal byggje lokallaga og sørge for god avlastning og nyrekruttering. Per i dag er det lokallag i 21 av fylkets 26 kommunar. 3 av dei 21 er definert som passive. Mange lokallag treng bistand til å jobbe med nyrekruttering og listestilling.

### Mål og tiltak

1. **Vi skal snu nedgangen i medlemstalet og vi skal bli 720 medlemmar ila 2023**
  - a. Synleg aktivitet i alle lokallag med låg terskel for å bli med
  - b. Bruke listearbeidet og valkampen i kommunane aktivt til å også verve nye medlemmar.
  - c. Små/sårbare lokallag må få ekstra oppfølging av fylkesstyret til listearbeidet
  - d. Fange opp medlemmar som er gode på verving og sørge for erfaringsutveksling
  - e. Drive aktiv gjenverving av medlemmar som ligg an til å falle ut ved årsskiftet
  - f. Oppmode alle lokallag til å ha ein medlemsansvarleg og ha gode rutinar for å ta imot nye medlemmar

- g. Fylkeslaget har god dialog med SU og bistår SU i å danne fleire og sterkare SU-lag i fylket
- h. Vi byggjer ein open, trygg og støttande partikultur med rom for meiningsbryting og respekt for demokratiske prosessar

## **2. Det skal vere lett å engasjere seg og finne ulike aktivitetar og arrangement for alle medlemmar**

- a. Alle lokallag tilbyr minst eit ope møte i året, gjerne i samarbeid med andre lokallag
- b. God koordinering og planlegging av besøk frå sentralt
- c. Synleggjere aktivitetar og arrangement på nettsider, i media og sosiale media
- d. Oppfordre lokallaga til å arrangere alternative lågterskel arrangement
- e. Dei politiske nettverka tilbyr møter og aktivitetar innanfor sine politikkområder og gir SV-arar som har interesse for fagfeltet moglegheit til å bidra
- f. Vi tilbyr lokallaga besøk frå fylkesstyret, anten fysisk eller digitalt
- h. Fylkeslaget vil arrangere valkampssamling / kandidatsamling I løpet av våren for å ruste lokallag og listekandidatar til den lokale valkampen 2023. Fylkeslaget vil søkje om førehandsstøtte frå org.fondet til dette arrangementet.
- i. SV markerer seg i heile fylket på faste merkedagar 8. mars, 1. mai og 5. juni, samt i nasjonale kampanjeperiodar
- i. Utvikle ei verktøykasse for god oppfølging av nye medlemmar.

## **3. Vi har god erfaringsdeling mellom lokallaga der større/sterke lag bidreg til å byggje opp dei mindre/svakare laga**

- a. Legge til rette for erfaringsdeling og samarbeid mellom lokallag på ulike temaområder eller nivå, slik at ein lærer av kvarandre. Vi har ulike kategoriar: dei tre store byane, dei mellomstore laga, dei minste laga. Vi har også ulike erfaringar med å vere i posisjon/opposisjon.
- b. Arbeide for at lokallaga i dei større byane og i kommunar vi står sterkt, blir motorar for dei mindre, omkringliggjande lokallaga
- c. Fylkestyret får betre oversikt over arrangement, prosessar og tiltak i dei ulike lokallaga og bidreg til å kople saman lag som kan lære av kvarandre
- d. Oppfordre lokallaga til å invitere kvarandre og veksle på å vere vertskap for arrangement, møter og samlingar

## **4. Stille lister i 3 fleire lokallag i 2023 enn i 2019 og aktivere sovande lag**

- a) Fylkesstyret driv aktiv oppfølging av lokallaga i forarbeid til listestilling
- b) Fylkeslaget arrangerer kandidatsamling V23

## Folkevalde, tillitsvalde, nettverk og skulering

Vi skal utruste våre tillitsvalde og folkevalde slik at dei er trygge i verva sine, er stødige på vår politikk, bidreg i politikikutviklinga og beheld engasjementet i partiet over tid. Gjennom god kontakt med lokalsamfunn og profilering i lokale saker, byggjer dei SV sitt truverd og gjennomslagskraft lokalt.

I tillegg til skulering lagt til fylkesårsmøter, representantskapsmøter eller kanidatsamlingar, som rettar seg mot medlemmar som allereie har eit verv, er det viktig å tilby kurs, samlingar og skulering også for personar utan verv. Slik kan nye få påfyll og inspirasjon til å ta på seg verv i framtida. Det skal vere gjevande og utviklande å vere aktiv i SV.

Digitale temamøter er eit fint supplement til fysiske samlingar. Ved å leggje inn nokre faste skuleringsaktivitetar, både fysiske og digitale, inn i årshjulet til M&R SV, sikrar vi at både ordinære medlemmar, personar med tillitsverv og folkevalde har tilbod om å oppdatere og utvikle seg, bli kjent med andre SV-arar og auke sitt engasjement i SV.

### Mål og tiltak

- 1. Våre folkevalde har god opplæring, og er trygge i SV sin politikk og si eiga rolle**
  - a. Betre systemet for utveksling av idear, erfaringar og forslag mellom folkevalde og mellom folkevalde, fylkestingsgruppe og stortingsrepresentant
  - b. Sørge for god deltaking på nasjonale folkevaldsamlingar og i folkevaldnettverk
  - c. Arrangere valgkampsamling / kandidatsamling V23
  - d. Tilby jamnleg skulering for folkevalde ved å leggje inn faste skuleringsaktivitetar i MRSV sitt årshjul, både fysisk og digitalt
  - e. Tilby ein mentor til alle unge/nye folkevalde med behov allereie frå dei er kandidatar, og vurdere å etablere såkalla «kommuneutval» eller tilsvarande støttande nettverk kring dei folkevalde
  - f. Vektlegge skulering i mediahandtering og sosiale media for nye kandidatar/folkevalde for å sikre synlegheit rundt om i kommunane
- 2. Våre tillitsvalde og folkevalde har god oppfølging og støtte og er i god kontakt med det som rører seg i sine lokalsamfunn**
  - a. Kartlegge behov/ønske om skulering i lokallaga, og sørge for at lokallagsstyra får tilbod om minimum eit kurs/webinar som innføring i styrearbeid.
  - b. Vidareføre digitale lokallagsleiarmøter
  - c. Sørge for at det på lokalt plan blir bygd alliansar med fagrørsla, miljørørsla og andre interesseorganisasjonar vi deler syn med, og at desse blir aktivt brukt i politikikutviklinga
  - d. Våre folkevalde er i kontakt med folk, organisasjonar og lokalsamfunn og arbeider godt med lokale saker

**3. Vi sørger for god rotasjon i verv og let nye få prøve seg**

- a. Stimulere nye talent og kandidatar ved å spele dei inn når nye oppgåver og verv skal fyllast i SV, både lokalt, på fylkesnivå og nasjonalt
- b. Legge til rette for god kompetanseoverføring frå erfarne til nye tillitsvalde

**4. Vi tilbyr jamnleg kurs, temamøter eller skulering også for ordinære medlemmar**

- a. Alle medlemmar får tilbod om å delta i eit politisk nettverk
- b. Dei politiske nettverka arrangerer minst 1 ope temamøte i året (fysisk eller digitalt)
- c. Alle lokallag tilbyr minst eit ope møte i året, gjerne i samarbeid med andre lokallag

## Intern og ekstern kommunikasjon

Møre og Romsdal SV gjer mykje ut av dei få ressursane vi har til både intern og utoverretta kommunikasjon. Gjennom koronapandemien har all møteverksemd i fylkesstyret vorte digital. Det sparer oss for mykje reising, men over tid trengst også fysiske møter for å arbeide betre med både organisasjonsbygging og politikktvikling. Vi må også etablere gode kommunikasjons- og informasjonssløyfer til og frå vår nye stortingsrepresentant.

Møre og Romsdal SV vil også jobbe med å nå ut til fleire gjennom digitale flater og sosiale media i denne perioden. Vi skal vere både lette å finne, lett gjenkjennelege og lette å identifisere oss med.

### Mål og tiltak

- 1. God informasjonsflyt på tvers av lokallag, fylkeslag og til sentralt, der tillits- og folkevalde på lokalt plan er godt informert om kva som skjer nasjonalt og kjenner seg trygge på det som blir kommunisert ut**
  - a. Vidareutvikle nyhendebrev og lokallagsleiarmøter
  - b. Bruke årshjul og langtidsplanar meir aktivt i arbeidet til fylkesstyret, og kople på viktige prosessar på Stortinget og Fylkestingsgruppa, som budsjett m.m
- 2. God arbeidsfordeling internt i fylkesstyret, og god informasjonsflyt mellom fylkesstyret, fylkestingsgruppa, sekretær og stortingsrepresentant**
  - a. Fylkesstyret fordeler og tidfestar oppgåver knytt til AoPen på første møte
  - b. Fysisk fylkesstyremøte ca ein gong i semesteret
  - c. Koordinere medieutspel med stortingsrepresentanten for best mogleg dekning i heile fylket



### 3. Betre eksteren kommunikasjon og formidling

- a. Bruke eit lettfatteleg og tydeleg språk
- b. Auke aktiviteten og løfte innhaldet på SoMe for å aktivere og engasjere fleire
- c. Dele meir frå lokallaga og fylkestingsgruppa på fylkeslaget si fb-side.
- d. Produsere korte videosnuttar med teksting
- e. Holde kalenderfunksjon på nettsidene oppdatert med lokale arrangement
- f. Sjå til at lokalt kampanje- og valkampmateriell er i tråd med SV sin grafiske profil.
- g. Bruke dei politiske nettverka aktivt for å kommunisere med ulike grupperingar i fylket

## Val 2023

### Status – valoppslutning i Møre og Romsdal

Vi fekk 5,1 % oppslutning i fylkestingsvalet i 2019, opp 2,4 frå 2015

Landsgjennomsnittet for SV i 2019 var 6,1 %.

Vi har folkevalde i 17 av 26 kommunar, 3 representantar på fylkestinget og vår første SV-ordfører

Beste kommunane i kommunevalet 2019 var Rauma (23,2), Molde (12,7), Vestnes (8,3) og Gjemnes (8,3), Sunndal (8,1)

Kommunar utan SV-liste i 2019: Aure, Giske, Hareid, Herøy, Sande, Smøla, Stranda, Tingvoll og Vanylven.

Vi fekk 6,3 % i stortingsvalet i 2021, opp 2,4 frå 2017

Vi har eit utjamningsmandat på Stortinget!

### Målsetjingar for valet 2023

SV skal bli større i Møre og Romsdal og **fleire skal få moglegheita til å stemme på oss ved lokalvalet 2023**. Målet frå SV sentralt er at vi skal auke talet vallister med 10 % frå 2019. Vi meiner det er oppnåeleg, og set oss eit **mål om å auke frå 17 til 20 lister** og auke talet på folkevalde tilsvarande. Vi skal ha **auka oppslutning både i byar og distrikt**, blant kvinner og menn, og blant alle samfunnslag.

Vi skal jobbe for **eit større mangfald av folkevalde**. Vi skal utarbeide **lokale program og fylkesprogram som som er godt forankra** i heile organisasjonen, og som er utvikla med innspel frå eit breidt spekter av innbyggjarar, organisasjonar, fagfolk og næringsliv.

Vi skal **behalde våre posisjonar i fylkestinget, behalde ein ordfører og få fleire folkevalde i posisjon** slik at dei får styringserfaring i kommunane.



## Mål og tiltak

### 1. Fleire lister og auka oppslutning ved valet 23 i både byar og distrikt

- a. Heile tida ha fokus på å byggje opp lokale kandidatar og sikre dei skulering, nettverk og profilering til å fronte politikken vår, ikkje berre i valkampår, men kontinuerleg.
- b. Fylkesstyret set ned ei valkampgruppe som knyt til seg nødvendige ressursar som støtte for valkampen på fylkesnivå, og som også kan yte støtte og drahjelp til den lokale valkampen ute i kommunane.
- e. God koordinering av den lange valkampen våren 2023 gjennom valkampgrupper, skrivegrupper, sosiale media m.m.
- f. Koordinere sentrale besøk godt slik at flest mogleg lokallag får utbytte av besøka

### 2. Større mangfald av folkevalde

- a. God oppfølging av lokallag våren 2023 og gjennom valkampen
- b. Bruke våre politiske nettverk og allierte i fagrørsla, miljørørsla og andre interesseorganisasjonar for å finne aktuelle kandidatar
- c. Våge å spørje usannsynlege kandidatar, og bruk tid på å følgje opp aktuelle som er i tenkjeboksen

### 3. Behalde dei posisjonane vi har, og få fleire av våre folkevalde i posisjon

- a. Bistå lokallaga for å best mogleg tilpasse valkampen til lokale forhold og lokale saker
- b. Førebu kandidatar godt på forhandlingar etter valet for å sikre SV best mogleg utteljing i makt og posisjonar